



Bø kyrkjeblad

Utgåve 16 - Mai 2024



Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje
**Angelika
Faber Karsrud**

410 28 633
angelika.karsrud@mtkyrkje.no



Kontorfullmektig:
**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Kapellan
**Per Inge
Bergem Håland**

917 89 097
peringe.haland@mtkyrkje.no



Trusopplærar
**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjetenar:
**Håkon
Mæland**

957 51 519

Forsidefoto:
Vår fylkesblomst, søstermariahånd
fotografert i Bø.
Foto: Ulf Vege



Helsing frå kyrkjeverja

«No kjem den grøne årstida», seier kyrkjetenarane. Kyrkjegarden blir raka og rydda, det blir gjort klart til grasklipping og utstyr blir sjekka. Skadde plantekasser blir skifta ut med nye som var bestilt alt i februar. Stelleavtalar blir gjennomgått og gravstøtter blir retta opp. Det er vår!

I skrivande stund vil vinterkulda ikkje heilt gi slepp, likevel har våren tjuvstarta i vindaugekarmen min for lengst. Ei grønsak som får merksemd året rundt, er sellerirot. Eg sådde årets avling i starten av februar. Bitte små frø har blitt til spinkle spirer som allereie no i slutten av april struttar av liv. Plantene har fått ein mellomstasjon i veksthuset og både sellerirøtene og eg tar til å bli utolmodige etter å sleppe ut. Det er tid for å vekse.

I kyrkja er grønt ein av dei liturgiske fargane og symboliserer vekst og liv. I slutten av mai har kyrkjeåret kome til treeiningstida, og akkurat som trua blir planta og får næring, kjem mine små, men sterke sellerirotplanter til å bli store vekstar. Sellerirot står lenge, toler litt

frost, eignar seg både til vinterlagring og kan frysast i porsjonar. Det er godt å kunne lagre krafta frå sommaren til bruk i varmande supper når det blir vinter igjen!

Det er også godt å kjenne på nærvær i naturen, og det er kanskje lettare å ta vare på han akkurat no? Rydde unna søppel og få det fint. Og akkurat no er det kanskje også lettare å hugse på at jorda gir, og at vi må ta vare på ho og gi tilbake. På kyrkjekontora har vi i vinter samla på kaffigrut og matavfall. Komposten skal bli til næringsrik jord for å dyrke våre eigne blomster til pynt i kyrkjene. Ei lita øving på kontora i retning auka berekraft eg håper vi lukkast med.

2.juni kan vi alle gle oss til Skaparverkets dag på Evju. Anne-Inger er prest og Bruno spelar sommaren inn. Frå og med 23. juni fram til 18. august blir det fellesgudstenester med Bø. Vi sjääst!

God veksttid frå Angelika



Bø kyrkje fyller 150 år

Eg er så frimodig å seie at Bø kyrkje er det viktigaste bygget vi har i bygda. Kvar søndag er det gudsteneste der det jamt over 50 menneske som kjem for å feira gudsteneste med nattverd.

Kyrkja rommer dei store livshendinane som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, der kyrkja møter det einskilde menneske og familien med von og trøyst og glede. Menneska har kome og gått, men ingen har gått tomme ut av kyrkja. Dei har fått noko å tru på, og kvar kyrkjeleg handling har med seg ei særskild helsing frå Gud:

«Herren velsigne deg og vara deg. Herren late sitt ansikt lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.»

I dette kyrkjebladet og fram til jubileet ønskjer vi å ta med historisk stoff om Bø kyrkje og bygda. Mykje er gløymt, men enno lever det mange som har noko å fortelje om kva kyrkja har betydd og ikkje minst betyr i dag. Kyrkja er eit gammalt bygg, ja – men Gud er den same og Gud er ungdommeleg frisk. Den 3. juni 1875 blei Bø kyrkje vigsla av prost Bent Wettergren i Solum. Kyrkja var sparsamt utstyrt i starten. Først i 1882 stod det ferdig eit nytt orgel med 8 stemmer, og ein hadde ikkje råd til å tilsetje organist før i 1888. Bygdefolk og organisasjonar har gjeve mange gåver, som lysestakar og lysekroner, alterduk og salmetavle. Bondekvinnelaget har gjeve dei to vakre brurstolane med treskjering i koret.

Den første altertavlona, som no heng framme til venstre i kyrkjerommet, blei måla av den kjende presten og kunstnaren Gustav Adolph Lammers frå Skien. Måleriet syner den oppståtte Jesus som møter Maria Magdalena ved grava. Resten av denne altertavla står i dag på lager. Kunstnaren Viktor Smith, som seinare tok namnet Sparre, måla den nye altertavla i Bø kyrkje i 1958 med sterke farger.

Altertavla har tre måleri over Jesu ord frå Johannes 14,6 : «Eg er vegen, sanninga og livet». «Vegen» er måla med inspirasjon frå likninga om den fortapte sonen som finn vegen heim til faren. «Sanninga» er måla med eit bilde av Jesu

oppstode, og på det siste bildet skildrar Sparre såmannen som sår det livgjevande kornet ut. Sparre brukte Lifjell som bakgrunn for å understreke at evangeliet om Jesus skjer her og no. Den rike treskurden på altertavla kan tolkast som ei stor trekrona. Dette arbeidet er for det meste utført av Halvor Slettmeås, medan broren Trygve Slettmeås stod for rose målinga.

Søndag den 25. mai neste år ønskjer vi å feire og markere at kyrkja har stått her i Bø og peika med sitt tårn opp på Gud, som er Herre gjennom alle tider og slekter. Hald av denne dagen!

Axel J. Bugge



Kjelder til Bø kyrkjes historie

Professor i historie ved USN og medlem av Bø sokneråd, Nils Ivar Agøy arbeidar med kjeldene til Bø kyrkjes historie.

Her ser Agøy igjennom den gamle kallsboka der tidlegare prestar ofte skrev om si teneste som prest i Bø kyrkje.



Andakt

Den hellige ånd

Pinsedagen ser jeg for meg som en litt kaotisk dag. Og det er nesten så jeg kan kjenne at pulsen kneppes et par hakk opp når jeg prøver å sette meg inn i hendelsene fra den dagen.

Omtrent som en sterk vind blåser Ånden over folkemengden. Det er ildtunger og tungetale. Og en skulle kanskje tro at disiplene hadde drukket litt for mye sterk kaffe den morgenen, der vi ser dem for oss snakke høyt og

inderlig på forskjellige språk mens folk jubler og roper halleluja og amen. Det var også stor forvirring på torget den dagen, noen var forskrekka og forundra og andre gjorde narr av disiplene og sa: «De har drukket seg fulle på sot vin.»

3000 mennesker ble lagt til menigheten på en dag, og jeg ser for meg alle de dåpsamtalene som må tas, enda flere kaffekopper og småkaker. Ja, det er kanskje ikke så rart at pulsen stiger et par hakk. Det er mye som skjer og det hele virker noe voldsomt.

Nettopp denne litt overveldende og urolige følelsen har jeg inntrykk av at flere får når tema er Den hellige ånd. Skuldrene kryper litt oppover og vi sitter litt lenger ute på stolkanten enn til vanlig. Noe som kanskje ikke så rart, all den tid Ånden og det åndelige primært knyttes til det overnaturlige og ekstatiske – som tungetale, helbredelse og brå omvendelse. En for sterk vektlegging av dette har en tendens til å fremmedgjøre, fordi det store flertallet ikke kjenner seg igjen i fortellinga. Og Den hellige ånd blir på den måten redusert til et mystisk og kanskje uviktig tillegg i folks trosbekjennelse: «Ja, jeg tror jo på Gud og Jesus og sånn».

Fremmedgjøring er derimot det stikk motsatte av Den hellige ånd sitt virke. Det som skjedde på pinsedagen, ildtunger og tungetale, handla jo tvert imot om å komme nærmere, om å høre og forstå. Om kjennskap og kommunikasjon.

«Er de ikke galileere, alle disse som taler? Hvordan kan da hver enkelt av oss høre sitt eget morsmål? Vi er partere og medere og elamitter, folk som bor i Mesopotamia, Judea og Kappadokia, i

Pontos og Asia, Frygia og Pamfylia, i Egypt og i Libya-området mot Kyréne, og innflyttere fra Roma, jøder og proselytter, kretere og arabere – og vi hører dem tale om Guds storverk på våre egne tungemål!»

På pinsedagen ble Jesus levende og nærværende for alle mennesker. Den hellige ånd kjennetegnes av å bringe oss nærmere. Nærmere Gud. Nærmere meg selv. Nærmere hverandre og naturen. Det er Åndens virke. Jeg tror også at Den hellige ånd hvisker, stille. Roping er beslektet med avstand. "HVA VAR DET DU SA???" Hvisking derimot, både uttrykker og skaper nærlhet. Har du noe viktig på hjertet, er det mer virkningsfullt å senke stemmen enn å heve den. Senke tempo og snakke litt roligere. Hvisking er kjærighetens og nærlhetens språk.

Samtalene om tro drukner lett i bruset fra kaklende TV-debatter og høylytte kjendiser, men den er der. Og den eneste måten å høre den på, er å komme nærmere hverandre.

For mens vi står på barrikadene, på høydene og roper ut i store bokstaver og utropstege våre sterke meninger og fristende tilbud, så er Den hellige ånd helt nær og hvisker det viktige.

Studentprest ved USN, sør Kristian Gotehus Køhn

GUD – FRELSEREN

– Litt mer om Gud

*Gud – uendelig stor og uforståelig. Hinsides alle menneskelige forestillinger.
Over alle våre tanker. Bortenfor alt.*

Men denne Gud har blitt nær.
Gud kom til oss som en av oss. «Da
Gud kom til jorden, kom han som et lite
barn» synger barna.

Vi kaller det INKARNASJONEN. Gud/
ånd ble kjøtt og blod. For jødene var
og er dette en forferdelig ting. Også de
andre folka rundt Middelhavet som
var preget av gresk tenking, fant dette
meningsløst. Det var støtende og direkte
ufyselig for tenkende mennesker. Gud
er suverent hevet over det jordiske, og
kan absolutt ikke lide.

De første kristne kunne knapt ha funnet
på noe vanskeligere. I 1. Korinterbrev
kap. 2 skriver Paulus om det store
mysterium: «det som ikke kom opp i
noe menneskehjerte» altså det ingen
kom på. «Det som Gud gjorde ferdig for
dem som elsker ham» (v 9).

Dette er det viktigste i kirkas tro. Jesus
er sann Gud og sant menneske i samme
person, samtidig, hele tida. Denne tro

gjør en forsamling til en del av den
kristne kirke på jord. Kirka har gjennom
århundrene kjempet for denne tro.

Når vi leser om Jesus i Nye Testamentet,
leser vi om Gud. Når Jesus taler, taler
Gud. Når Jesus handler, handler Gud.

Den utilnærmelige Gud har kommet
helt nær oss. Gud solidariserer seg med
oss ved Jesu liv, lidelse og død. Da kan
vi si at GUD ER KJÆRLIGHET. Selv om
mange har vansker med å se det i denne
verden.

Dette kan det selvsagt sies mye mer om.
Det er et helt univers – kristendommens
og kirkas univers. Begynn å lese.
Begynn å samtale.

Ulf Vege



Sommaravslutning Korskulen

Over 200 store og små var samla
til familiegudsteneste då korskulen
hadde sommar avslutting i Bø kyrkje
med minikonsert på kyrkjetrappa
etter gudstenesta, den 12. juni.
Takk til barnekora for flott song og
orgelmusikk frå orgelkids.

Takk til korleiar Grete og dei gode
medarbeidarane Mathea og Ester.
Etterpå var det kyrkjekaffi og saft i
strålande sol!





VINGEDE SKARER -viktig liv

MYGG – smak litt på ordet, og assosiasjonene kommer susende – for ikke å si summende.

Av og til føler vi at livet er paradisisk, men som regel sniker det seg inn et element av pest og plage. Hvem har ikke sittet under en furu og gledet seg over en våryr måltrost. Plutselig merker en denne irriterende summingen. Eller stått ved et fjellvann med en summende sverm omkring alle tilgjengelige hudpartier. De fleste av oss opplever stikkemyggen som en sann plage og en påminnelse om at livet har sine skyggesider.

Men ved siden av å være en plageånd, er den en fenomenalt flott skapning med et veldig spennende livsløp. Noe av det er kjent for alle som ferdes litt utendørs. Myggen trenger blod. Ikke fordi den har blod på spiseseddelen, men fordi blod er nødvendig for at den

skal kunne formere seg. Derfor er det bare hunmyggen som stikker. Etter «årelatingen» flyr hunmyggen rundt og legger egg. Helt tilfeldig legges de ikke. Hunmyggen søker etter fordypninger i terrenget. Der kan det samle seg vann nok neste år til at eggene kan klekkes og start et nytt livsløp. De fleste artene av stikkemygg her hos oss overvintrer som egg. Mange har det slik at eggene først må ha en periode med varmt vær og tørke og deretter en periode med frost for å klekke. Det hindrer at myggen klekkes i høstbløta for deretter bare å fryse i hjel! Nå hender det at snøen uteblir en vinter og smeltedammen om våren med den. Da kan eggene gjerne ligge over et år og håpe på bedre forhold neste vår.


Etter en vanlig vinter bli det fort liv i en dam med stillesstående vann. Store mengder buktende, noen mm lange, mygglarver med sugerør i bakenden dukker opp. De henger i vannets overflatehinne og suger luft. Dukker det opp en fredsfortyrre, bukter den seg raskt ned til bunnen. Etter noen hamskifter, blir larven til en puppe. Puppen ligner på et komma. Den kan også bevege seg mot bunnen.

Nå nærmer tiden seg for et av naturens små mirakler. En dag legger kommaet seg i overflaten. Det strekker seg ut og sprekker langs ryggen. Ut av skallet smyger en bløt og vaklevoren mygg. Den trenger flere minutter til å tørke og få luft i vingene, men snart er den klar til å begynne hele eventyret forfra igjen. I sunne skog og fjellområder skal det være enorme mengder mygg (og andre insekter). De er den eneste maten fuglene har. Ja, det er derfor de flyr den lange veien hvert år. Her er det mengder av mat til store ungekull. Fra de minste trekkfuglene til de største som tiur og røy, alle mesker seg i overfloden.

Problemet er at mengden av mygg har avtatt katastrofalt mange steder. Det er ingen overflod av små flyvende proteinpakker lenger. Mye tyder på at det er menneskets skyld.....

Himmelske far. Tilgi oss, og om det er mulig: rett opp noen av våre feil, selv om ansvaret er vårt....

Ulf Vege



Lat oss be for kyrkja og verda

Evide Gud, skapar av himmel og jord,
vi takkar og lovprisar deg for all di miskunn mot oss.

Vi bed for ditt skaparverk.
Vis oss korleis vi sjølve er ein del av alt du har skapt,
så vi kan verna om skaparverket som gode forvaltarar.

Lei folk og nasjonar til å leva i fellesskap og fred.

Vara vår konge Harald og hans hus.
Gjev visdom og mot til alle som har leiariansvar blant oss.

Fri oss alle frå hemnlyst og hat,
og hjelp oss til å leva i fred og forsoning.

Det bed vi deg om, Gud.

Herre, høyr vår bøn.

Frå makt til rett - Kristenretten på Moster frå 1024

av professor Jørn Øyre hagen Sunde

Ein må skilja mellom to sider ved kristninga av Noreg. For det første kristninga av einskildpersonar, familiar og kanskje bygder. Denne delen av kristninga byrja fleire hundre år før 1024. For det andre kristninga av det offentlege rom i samfunnet. Det vil seia at kristne verdiar vart ramma rundt alle sin kvardag. Det vart dei gjennom kristenretten, som var juridiske reglar som skulle sikra at ein levde i tråd med Guds vilje slik den vart forvalta på jorda av kyrkja. Vedtakinga av kristenretten på Moster i 1024 er viktig som eit steg mot kristninga av samfunnet i Noreg.

Det er i dag vanskeleg å forstå kor radikal endring kristninga av samfunnet var. Fram til den tid var styrke og makt gode i seg sjølv, og makt gav rett. Men med kristninga vart makt og rett skilt – rett var noko som sprang ut av Guds vilje og ikkje av forhold mellom menneske. Dermed vart herren si makt over trålen redusert, og til slutt var denne forma for slaveri avskaffa. Fedre og brødre si makt over kvinner vart redusert, og ei kvinne skulle etter kvart til dømes samtykkja ved ekteskap. Den rike si makt over den fattige vart redusert, og etter kvart fekk ein innført ei almissesplikt. Og hemnretten, sjølv grunnpirlaren i rettssystemet, vart erstatta av kongen si plikt til å sikra Guds fred.

Men dette er det samfunnet kristninga av det offentlege rom skulle bana vegen for. Men kristenrettane var i byrjinga spede forsök på å sikra at folk overhaldt dei mest grunnleggjande reglane for kristne. Barn skulle døypast, og kunne ikkje setjast ut for å døy. Dauda skulle gravleggjast på kyrkjegarden, og ikkje i haug. Ei skulle fasta, halda seg til ei kone, byggja og vedlikehalda kyrkjer, og ikkje halda blot og eta hestekjøt. Slik vart kvardagen langsamt erobra av kristendomen gjennom kristenretten sine reglar. Og etter kvart vart folk sin utsynshorisont òg prega av den kristne læra, og trælskap og hemnrett stod for fall, og kvinner og fattige fekk nye rettar.

Kristenretten som kong Olav Haraldsson Den heilage fekk vedtatt på Moster var difor eit viktig steg frå kristning av personar og mindre samfunnseininger, til kristninga av heile samfunnet. Med kong Magnus Håkonsson Lagabøtar si Landslova av 1274, 250 år seinare, kan ein seia at prosessen som tok til på Moster var fullført.

Kjelde: MOSTER -1000 -2024 «Feira fortid - forma framtid!» Frå maktsamfunn til rettssamfunn - Kristenretten 1000 år



Moro og gå med kyrkjebladet !

Arne Rød er pensjonist og bur i Breisås. Han kjem opprinnleig frå Buskedalen i Kvinnherad kommune og har budd i Bø 2 ½ år. Han synest det er ein fin trim å gå med kyrkjebladet. Det er ei oppgåve som han ser fram til, og Arne går fast i Breisås der han deler ut 150 blad.

Takk til Arne og alle dei nær 40 frivillige som deler ut kyrkjebladet!

Takk og til KIWI i Bø som gir oss gratis posar til utdeling !

Sommargåve til Bø kyrkjeblad!


Vil du gje ei gåve til arbeidet med å gje ut Bø kyrkjeblad som kjem ut fire gonger i året ?

Vi er svært takksame for den gåva du vil gje!

Kontonummer er : 2801.53 52096-
merk innbetalinga med
«Sommargåve»

Vippsnummer: 116673
Bø sokn – Gåve til Bø kyrkjeblad

Beste helsing redaksjonen



Folketoner fra Sørlandet

Det var en seinsommerdag i Målselv i 1980. Min kollega, Johan Olsborg, hadde overtalt meg til å bli med på korøving. Jeg prøvde etter beste evne å overbevise ham om at korsang ikke passa for meg, jeg hadde jo aldri sunget i kor før og prøvde standhaftig å stå imot. Johan gav seg ikke, og sa koret sårt trengte flere stemmer. Motvillig gav jeg derfor etter. Snart kjørte vi nedover de endeløse furumoene på vei til kirka.

Korsangerne samla seg på galleriet ved orgelet hvor organist Turi Seim venta oss og ønska nye medlemmer velkommen – det var to av oss – og delte så ut notene for kveldens øving. Ikke visste jeg da at dette skulle bli en nærmest skjellsettende opplevelse for meg. Salmene vi skulle synge var Bjarne Sløgedals: To folketoner fra Sørlandet: «For Guds folk er hvilen tilbake» og «Herre Jesus gi meg nåde». Den gule forsida var fint dekorert med border rundt teksten. Notene kom dessuten som en hilsen hjemmefra, for Sløgedal var organist i Kristiansand på den tida.

Det var musikken, harmoniene, klangen av folketoner fra Setesdalen som greip fatt i meg. Jeg tror jeg glemte å være nervøs, for dette var min musikk, dette var toner jeg kjente meg hjemme i, dette var musikk jeg forsto. Vi var få sangere og ingen å skjule seg bak. Hver stemme telte. Men jeg husker ennå lettelsen da vi på altstemmen slapp å støtte sopranene der de i første vers skulle opp i uante høyder, og vi fire-fem alter fikk vår egen

understemme i andre verset. For en hvile! Og når herrestemmene omsider fikk slippe til, i tredje og siste verset, var det som et under så fint. Jeg visste at jeg plutselig, og helt uventa, var blitt korsanger.

Uendelig mange salmer er fylt med tekster om lengsel og håp. Jeg husker vi sang om «brudekleder», og at «ingen sorg skal tynde mer». Jeg likte særlig godt oppfordringen «Stå ei stille bli ei matt. Se deg ikke mer tilbake». Det var en himmellengt i tekstene som fortalte om menneskers slit og nød og håp om en dag noe bedre. Likevel var det ikke teksten som var det viktigste der og da, men opplevelsen av det som kan skje når noter får liv og stemme i et blanda kor.

Per Nordsletten, predikant og salmedikter, skrev «For Guds folk er hvilen tilbake» i 1891 og salmen står i Sangboken fra 1935. Sløgedals arrangement har bare med fire av de i alt ni strofene. Hvem som skrev teksten «Herre Jesus, gi meg nåde», er ukjent, men også den står i Sangboken.

Flere år seinere og i et annet kor, fikk vi til min store begeistring utdelt det samme gule heftet på en korøving. Det var som en gave å få sygne sangene igjen. Og som seg hør og bør etter at notene har gjort nytten, samles de inn og blir i organistens varetekts. Mitt hefte ble aldri levert tilbake. Jeg tok det, noe skyldbetynga, med meg hjem, og her ligger det fremdeles, trygt forvart i pianokrakken min.



Kari Grønningsæter, vokst opp i Kristiansand, nå bosatt på Langkåshaugen i Bø. Kari har vært en ivrig korsanger og sunget i flere kirkekor, blant annet i Sauherad og Nes kantori og i First Lutheran Choir i Decorah, Iowa. Her forteller hun fra sin aller første korøvelse hun var med på og om salmene som har fulgt henne siden.

3. Vers
Da skal all vårt regsel ende, Ingen sorg skal tynge mer.
Selket
Verdens hat og vrede skal venedes om til fred.
Verdens hat og vrede venedes om til fryd og evig fred.
Ja en sålighet i bytte For en tid i trensel her.
Ja en sålighet bytte For en tid her.
Kjære sjel vår tro i strieden, snart ja snart du hjemmer.
N.M.O. 9187

Konfirmasjon 2024

Laurdag 7. sep. kl. 10.30

Alexander Stålberg Fossland
Elander Vassend
Emilie Haugestøl-Skjelbred
Emma Taugbøl Forberg
Guro Espedalen Lium
Ingrid Elvine Verpe
Jakob Erikstein
Kari Skogen
Kristian Morritz Sønstebo
Magnus Vestgarden
Nikolai Trondsen Singsaas
Niri Espedalen Bamrud
Noah Aleksander Sunsehagen
Odin Innleggen Eide
Sigrid Tellnes
Sverre Kornelius Ims Hjelmbrekke
Tessa Bø Solberg
Noah Mogen Larsen

Sundag 8. sep. kl. 11.00

Dorthea Sætra Erikstein
Elisabeth Tomine Jenssen Angre
Ella Søvde Johnsen
Julie Bergan Holtan
Kristoffer Haugland
Magnus Mæland
Marie Lio
Martine Østerli
Signe Tobro
Sofie Haugen
Susanne Tresland Gjelhus
Åsne Synnøve Vikane
Marie Evju

Laurdag 7. sep. kl. 13.00

Aasne Slåtta Kaasa
Andrea Langemyr Glenna
Ane Sageie
Arin Kasin Nilsen
Aslak Seljord Amundsen
Eirik Svela
Emilie Westgarden Tveitan
Greta Farstadvika
Hans Olav Bekkhus Hegna
Iver Hegna Smepllass
Jakob Skoe Olsen
Kristian Askildt Loftsgarden
Leah Marielle Valkeinen
Lene Årdalen Borgersen
Lukas Lia
Mads Bråthen
Nora Langåsdalen Mæland
Oduwala Iyoha
Oscar Gonzales-Strand
Pernille Lie Sund
Silje Momrak Rønning
Såmund Sageie
Tia Tomine Sveinsdatter Evju
Tomine Glenna
Torje Benjamin Skalstad



«Sett ungdom» er i farta !

Sett ungdom er Kyrkjas og Normisjons ungdomsarbeid i Bø.
Her fra Tusenfryd-gjengen, laurdag 4. mai med 32 ungdomar og leiar – Jiihaaa!!



Kyrkja gratulerer!

Kyrkja gratulerer Kirkelig Kultursenter Sør - KIRKUS i Bø med støtte på 150.000 kroner frå Sparebankstiftelsen. Initiativet kom frå KIRKUS v/ dagleg leiar Grete Hasselgård Sele som fortel at pengane går til Orgelkids i klasseromma for 5 klassingar i Midt-Telemark kommune, der elevane blir invitert til orgelbygging. Oppleget er eit samarbeid mellom KIRKUS og skulane.

Gullkonfirmantar Bø kyrkje

28. april 2024



1. rekke fra venstre: Gunn Britt Aaland, Rita Isene, Kari Roe, Helga Myrland, Ingebjørg Hynne, Anne Margrete Tangen Gullbekk, May Karin Weiseth, Synnøve Fossland, Marie Helene Nordli, Marianne Løvlund og Birgitte Waaraas.

2. rekke fra venstre: Anne Grete Stokland Moen, Anita Wassvik, Brit Sørumshaugen Skogli, Liv Fossheim, Berit Blomgren, Irene Uglem, Kari Østerdal Løvskeid, Kari Verpe Hynne og Guro Brekke Amundsen.

3. rekke fra venstre: Tor Olav Bjartheim, Steinar Sæland, Geir John Kåsa, Knut Bjørn Berge, Ivar Soterud, Kjell Olav Kaasa, Helge Fossheim, Bjørn Magne Langkaas, Håkon Holtar, Kjell Tore Vestgarden og Helge Moen.

Gullkonfirmantfeiring

I dag feira me at det er femti år sea me møttes i Bø kyrkje, og Bjarne Nenseter la handa på hovudet vårt og ba velsigning over livet vårt vidare.

Mykje vatn har rent i havet sea den dagen, og me kunne vel slå fast at håret kanskje var blitt gråare, og magen litt drugare på dei fleste. Men om det regna og blåste ute, skjein sola inne: Gjensynsgleda var stor, og praten gjekk svært livleg.

Etter ei koseleg gudsteneste i Bø kyrkje, der me blei gjort stas på, med godord, presentasjon av den enkelte, og foreviging av kameraet til Halvor Ulvenes, gjekk turen vidare opp til prestegarden. Det var artig og interessant å sjå den gamle, vel bevarte bygningen innvendig, og den nydelege hagen på nedsida av prestegarden. Fantastisk flott, og svært mykje arbeid av frivillige som her er lagt ned i form av tid, krefter, kreativitet og kjærleik.

Med glede var det me fekk nyte den alltid like gode lapskausen frå Årnes kafeteria, og bløtkake, som i alle fall eg bare kan drøyme om å klare å lage makan til.

Axel Bugge var saman med oss. Og me satte sjølvsgått stor pris på å få bli litt betre kjent med soknepresten i Bø: Ein roleg, hyggeleg kar, som såg ut til å klare seg godt gjennom samværet, der volumet var høgt, og gleda over å kunne dele minner var stor.

Det viste seg at mange hadde valgt å bu i Bø heile livet sitt, ein del hadde flyttet heim igjen etter ein del år utanbygds, og somme hadde tankar om å nyte sjansen til å komma tilbake til Bø når tida tillater det. Me er overbeviste om at Bø er ei fantastisk bygd å leva i.

Personleg opplevdes det verdifullt å finne konfirmasjonsbiletet av pappa på veggen i andre etasjen på prestegarden. Og mange andre var også ivrige etter å finne kjentfolk på desse fotografiene.

Tusen takk for ein fin og minnerik dag!

Helsing Marianne og Kari

Slekters gang frå mars 2024

Døypt



7. april:
Såmund Stø Arnesen



7. april:
Aksel Bjørbæk



7. april:
Sanna Thomesen Taylor



14. april:
Frida Bergane



14. april
Linnea Vassend Myrene



21. april
Theo Bostedt Gulmæle



12. mai:
Ånund Soterud



12. mai:
Elias Torstveit



12. mai:
Emma Berntsen
Evensen Anundskås

Døypt



24. mars:
Solveig Schia Dalen



5. mai:
Linus Sørvik Lund



1. april:
Filip Skree Birkeland

Gravlagde/Bisetting



- 7. mars: Harry Stålen
- 4. april: Bjørn Erik Orskaug
- 8. april: Hans Aasmund Saga
- 12. april: Jørgen Roheim
- 19. april: Sonja Nævdal
- 30. april: Rozica Gundersen
- 8. mai: Torleif Eika
- 14. april: Neri Nordli

«Lær oss å telja våre
dagar så vi kan få
visdom i hjartet! »
Salme 90,12




*Redaksjonen i
Bø kyrkjeblad
ynskjer alle ein
god sommar!*



Vi startar med PØLSEN og saft
for små og store før vi syng
kjente og nye sangar saman.

**2-åringane (født i 2022) er
spesielt invitert med
familiane sine.**

Dei får sangboksen
«Takk, min Gud, for leken»



Det er ingen påmelding, men har du
eller dei vaksne matallergi,
er det fint om vi får beskjed.

Helsing
Sauherad og Nes sokn
Bø sokn

Grete Hasselgård Sele 915 56 348
Signe Vreim Østtvit 971 82 146



DEN NORSKE KYRKJA

VALO PUMPER AS



OLAV HAUGESTØL

**50 års erfaring innen
vann- og avløpsspumper**

VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no

POWER

Åpningstider: 10-18 (16)

Tlf: 35 06 03 50



Bertelsen Nyhuus Optikk
 bertelsennyyhuusoptikk

Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14




Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no



3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222

E-post: post@haugestolvvs.no



MURMESTER
ESPEDALEN
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30

www.murmesterespdealen.no

MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL
M/MØNSTERAVTALE HELFO

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS KLIENT, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPLASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.



ARBEIDSMØRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



FARGERIKE
Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no

VI UTFØRER ALT INNEN
NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING



MIDT-TELEMARK
BYGG AS
mtbygg.no
Sandavegen 20, 3802 Bø

Sjekk Punkt
BILVERKSTED

BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

35 95 02 75

KIWI PRISLØFTET

VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS!

KIWI mini pris

KIWI Bø

ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR **7-23**

SYSTEMBLOKK

Tlf. 35 06 00 00

www.systemblokk.no



Velkommen til gudsteneste!

DATO	TID	STAD	OMTALE	TEKST
30.06	11:00	Sauherad kirke	Gudsteneste	Matt 16,13-20
07.07	11:00	Dampfarveriet Hørte	Friluftsgudstenste	Luk 19,1-10
14.07	11:00	Nes kyrkje	Gudsteneste	Mark 12,37b-44
21.07	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Joh 8,2-11
28.07	11:00	Tinghaug	Friluftsgudstenste	Matt 18,21-35
04.08	11:00	Bø gamle kyrkje	Gudsteneste	Mark 2,23-28
11.08	11:00	Sauherad kirke	Gudsteneste	Luk 8,1-3
18.08	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 12,41-48
25.08	11:00	Nes kyrkje	Gudsteneste	Luk 17,7-10
25.08	11:00	Jønnbu fjellkyrkje	Gudsteneste	Luk 17,7-10
01.09	11:00	Bø kyrkje	Samtalegudsteneste	Luk 10,38-42
01.09	12:00	Patmos	Semesteropning, 4-årsbok	Luk 10,38-42
07.09	10:30	Bø kyrkje	Konfirmasjon	Luk 10,38-42
07.09	13:00	Bø kyrkje	Konfirmasjon	Luk 10,38-42
08.09	11:00	Nes kyrkje	Gudsteneste	Matt 5,10-12
08.09	11:00	Bø kyrkje	Konfirmasjon	Matt 5,10-12
15.09	17:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 7,11-17
22.09	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Matt 8,5-13
29.09	17:00	Bø bedehus	Fellesmøte	Joh 7,14-17



Bø kyrkjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø
Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no
Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje,
Kyrkjevegen 63, 3800 Bø

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no // Bø kyrkjelyd

Redaksjonen:
Olav Haugestøl, Ulf Vege,
Axel J. Bugge, Bjørn Seljebotn
Trykk og design:
Superlativ Media AS
Opplag: 3300 eks.